

Behandling av merknader etter 2. gongs høyring av forslag til ny arealdel

2017–2027

Innhald

Innleiing	3
Bygg og anlegg.....	4
Område for bustader.....	4
Blessomvollen.....	4
SB02 Bårstad.....	5
TB/L01 Maurvangen	6
Brustugu og indre setnrumssone	7
Område for fritidsbustader	16
Gnr. 21 bnr. 5 Sandbakken	17
F01 Slombhaugen	18
F02 Ormeholet (Storviksmorkje)	18
F06 Sjudalshaugen.....	19
F07 Hoskelie	20
F09 Jetta	21
F10 Stokstadåsen.....	23
Omsynssoner/klausuleringssoner for Stokstadåsen vassverk	24
FS01 Kortbaneflyplass på Grov.....	25
SBH/VF01 Vanglandet	27
Oppsummering:.....	28

Innleiing

Dette dokumentet gir ein samla gjennomgang av merknader, motsegn og innspel som er motteke i samband med 2. gongs høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel for Vågå kommune 2016–2027

Merknader, motsegn og innspel er vurdert, med rådmannen sin tilråding av korleis dette blir innarbeidd i planen. Rådmannen har eit nytt forslag til arealbruk for Brustugu og rådmannen vil også tilrå at området ved kulturhuset som vart attendeført til LNFR- formål før 2. gongs høyring blir lagt inn igjen som kombinert byggeformål. Desse to forslaga krev ei 3. gongs høyring. Rådmannen har elles foreslått å ta ut ein del område, men dette krev ikkje ny høyring.

Dette dokumentet har same struktur som planskildring til 2. gongs høyring. Kapitellinndeling følgjer arealformål. Planskildringa som vart lagt ut til 2. gongs høyring er ikkje endra, men vil bli gjort det etter politisk behandling.

Vågå kommune har teke imot totalt 57 uttaler. Ifølgje uttale frå regionale styresmakter så har Vågå kommune gjennomført eit planarbeid med fagleg høg kvalitet og det er lagt godt til rette for dialog om planen med regionale styresmakter. Frå 1. gongs høyring så har Fylkesmannen attståande eit motsegn og det har kome eit nytt motsegn. Fylkesmannen viser til at det er uheldig å ta inn nye område ved 2. gongs høyring og har motsegn til eit nytt område og Fylkesmannen gir elles ei tydeleg tilråding om å ta ut område for fritidsbustader F09 Jetta.

Fylkesmannen i Oppland har motsegn til følgjande område ved 2. gongs høyring:

Område	Formål	Motsegn
B/FO/K01Brustugu	Kombinert bustad, varehandel og kontor	Ikkje i samsvar med gjeldande regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Motsegn til avgrensing av indre sentrumssone og for høg arealgrense for detaljhandel.
F10 Stokstadåsen	Fritidsbustader	Areal- og transportomsyn og for stor planreserve.

Oppland fylkeskommune har motsegn til følgjande område:

Område	Formål	Motsegn
B/FO/K01Brustugu	Kombinert bustad, varehandel og kontor	Ikkje i samsvar med gjeldande regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Motsegn til avgrensing av indre sentrumssone og for høg arealgrense for detaljhandel.

Statens vegvesen har motsegn til følgjande område:

Område	Formål	Motsegn
B/FO/K01Brustugu	Kombinert bustad, varehandel og kontor	Ikkje i samsvar med gjeldande regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Motsegn til avgrensing av indre sentrumssone og for høg arealgrense for detaljhandel.
FO/N01E Næringsparken	Kombinert forretning og næring, eksisterande	Manglande føresegner til plankrav og arealgrense for detaljhandel.

Andre regionale styresmakter har ikkje kome med motsegn til planforslaget, men dei har mindre merknader til planforslaget.

Høyringsuttaler frå grunneigarar og andre inneheld mellom anna tilleggsargumentasjon og motsegn til nye byggeområde og avgrensing av indre sentrumssone. Frå interesseorganisasjonar har det kome merknader knytt til konkret arealdisponering. Det gjeld i all hovudsak nye byggeområde for fritidsbustader.


Bygg og anlegg

Område for bustader

I planforslaget til fyrste gongs høyring er det avsett område for bustadbygging i Vågåmo og Lalm. Areal avsett til bustad og erverv i eldre kommunedelplanar er vurdert på nytt og i all hovudsak vidareført i nytt planforslaget, men med anna arealformål. Det er kome inn merknader frå ein grunneigar med omsyn til eit område som vart spelt inn etter 1. gongs høyring, men ikkje tatt med i planforslaget ved 2. gongs høyring. Dette er omtalt nedanfor.

Blessomvollen

Fylkesmannen hadde ved 1. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel motsegn til området ut frå omsynet til jordvernet. Det vart også vist til at det i liten grad er vurdert og utnytta fortettingspotensialet i sentrum. Det er ein føresetnad at det blir gjort før ein går for nye areal på dyrka mark. Grunneigar har ved 2. gongs høyring kome med eit nytt innspel om at heile eigedomen blir avsett til område for bustader.



Figur 1: Området B01 som det var fremja motsegn til ved 1. gongs høyring av planforslaget.

Rådmannens vurdering:

Rådmannen vil på nytt vise til at det ligg føre eit motsegn til området og motsegna er imøtekome ved å ta ut arealet. Det ligg føre ingen nye moment i saka og rådmannen tilrår at arealet ikkje blir tatt inn igjen.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

SB02 Bårstad

Området vart spelt inn som framtidig område for bustadbygging/fritidsbustader, men vart i samband med utarbeiding av planforslaget vurdert til å vere betre egna som område for spreidd bustadbygging med høve til å bygge tre hus utan krav om utarbeiding av reguleringsplan. Dette fordi mellom anna vegtilkomst til arealet er bratt og utan gang- og sykkelveg. Før 1. gongs høyring vart det frå regionale styresmakter varsla motsegn til området ut frå samla areal- og transportplanlegging. Arealet grenser også inntil dyrka mark og ligg i eit mindre bustadområde. Arealet er difor mindre godt egna til fritidsbustader. Grunneigar og ein annan har kome med innspel til at området bør avsetast til fritidsbustader fordi da slepp ein ulempe med lang og farleg skuleveg.

Rådmannens vurdering:

Rådmannen viser til at dette har vore vurdert tidlegare i planprosessen og det har ikkje kome fram nye moment i innspelet som gir grunn til å vurdere dette på nytt. Fylkesmannen har motsegn til område F10 Stokstadåsen ved 2. gongs høyring der området vart avsett til område for fritidsbustader. Dette område var også vurdert før 1. gongs høyring av planforslaget, men vart tatt ut etter ei klar tilråding frå regionale styresmakter. Ved 2. gongs høyring vart området lagt inn til område for fritidsbustader etter politisk vedtak. Fylkesmannen har no framja motsegn til området ved 2. gongs høyring ut frå planreserven for fritidsbustader og at denne ikkje er vurdert realistisk. Fylkesmannen viser elles til erfaring frå andre tilsvarande område og ikkje minst nokså liberale retningslinjer for bruksendring frå fritidsbustad til bustad i kap. 9.5.2 i planføresgnene. *Ut frå desse retningslinjene reknar vi med at ei omdisponering vil kunne skje enkelt. Vi legg da til grunn at det vil vere ein klar og reell fare for at byggeområdet over noko tid vil ende opp som eit ordinært og sentrumsfjernt bustadområde, på lik line med anna busetnad i grenda*, skriv dei. Rådmannen meiner at dette også vil gjelde for område SB02 dersom det blir avsett til område for fritidsbustader. Rådmannen tilrår at området blir vidareført uforandra. Innspelt har vore vurdert tidlegare i planprosessen og arealet er betre egna som LNFR, spreidd bustad.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

TB/L01 Maurvangen

Det er ved 2. gongs høyring av planforslaget avsett ei område til kombinert bygnings- og anleggsmål, kombinert lager og tenestebustad, knytt til eksisterande verksemd på Maurvangen, arealet er ca. 12 daa.

Fylkesmannen meiner det bør vere mogleg å etablere lager og tenestebustad innanfor det arealet som allereie er avsett til fritids-/turistformål og næring på Maurvangen, dvs. område FT/NO3E. *«Vi oppmodar kommunen til å leggje til rette for ei slik løysing. Dvs. at nytt arealbehov blir dekkja gjennom fortetting, og ikkje ved å ta i bruk nye og urørte areal som fører til ytterlegare spreining av arealbeslag i dette sårbare fjellområdet.»*

Næraste hyttenabo til området har også kome med ei uttale til planforslaget. Han er uroa over at bygningane vil kome nært opp til hytta og vil vere sjenerande når det gjeld innsyn og utsyn. Han viser også til at det blir auka trafikk i området med anleggsmaskiner og mellomlagring av utstyr. Han ber difor om at området blir trekt lengre vekk frå hytta og meir bakover mot FV 51.

Rådmannens vurdering:

Før området vart spelt inn til kommuneplanens arealdel vart det sett på fleire alternative plasseringar av garasjeanlegget. Det vart også vurdert om det var mogleg å oppføre det innanfor det regulerte arealet ved Maurvangen som er avsett til fritids-/turistformål, men dette vart forkasta. Området som er lagt inn i planforslaget er forholdsvis stort, 12 daa. Det er ikkje tenkt at heile dette arealet skal byggast ut. For å ta omsyn til innspelet frå næraste hyttenabo vart arealet trekt nærare FV 51, men ettersom eksisterande åtkomst til RV. 51 skal nyttast må arealet ligg inntil Hoskelievegen.

Da arealet vart trekt nærare rv. 51 var det ikkje tatt omsyn til kva for verknad dette vil ha for landskapet. Landskapsanalysen som er utarbeidd av Nordplan legg opp til at bygningen skal plasserast nærare Maurvangen og i bakkant av fjellryggen. Det er også lagt vekt på at det er viktig at vegetasjonen skal behandlast. Ved å trekke bygningen nærare rv. 51, mellom to mindre fjellrygger blir truleg bygningen meir eksponert i terrenget, spesielt frå sør. I landskapsanalysen står det at fjernverknaden vil vere påverka av høgda på bebyggelsen og korleis vegetasjonen kan behaldast. Frå Gjendesheim vil ein ha direkte innsyn til området og det vil vere uheldig for eit sårbart område der det er stort fokus på landskap og landskapsverknad. Rådmannen meiner at landskapsanalysen til Nordplan støtter seg for mykje på at vegetasjonen skal behandlast. Det kan fort skje naturhendingar som gjer at vegetasjonen endrar seg og bygningen vil da ligge eksponert til frå alle kantar. Landskapsanalysen legg også vekt på at det er ein del tyngre tiltak plassert i nærområdet i dag og dette er med å gjere at konsekvensen for landskapet blir *liten negativ verknad*. Rådmannen syns det blir ei for enkel tilnærming med tanke på kva for status området har i reiselivssamanheng. Det er også viktig å vere klar over at etablering av lagerverksemd vil bidra til auka støy, visuell forureining i form av utstyr som står plassert på tomte. Dette er ein type aktivitet som det er ikkje er naturleg å plassere i nærleiken av ein reiselivsdestinasjon. Tomta ligg også innanfor byggeforbodssona til Sjoa. Strandsona og vassdraget til Sjoa blir ikkje direkte råka av ei utbygging ettersom Hoskelievegen skaper ei fysisk barriere, men området ligg nært opp til ei myr som drenerer ut i Mola og vidare ut i Sjoa. Lageraktivitet gir ein auka forureiningsrisiko med omsyn til avrenning frå maskiner og utstyr. Dette er eit moment som ikkje har vore tilstrekkeleg belyst ved 2. gongs høyring av planforslaget.

Rådmannen meiner landskapsanalysen til Nordplan legg for stor vekt på at vegetasjonen skal behandlast, samt at området allereie har ein del tyngre tiltak plassert i nærområdet. Rådmannen har stor forståing for at Gjendebåten har behov for bygningen, men dette må løysast på ein annan måte. Det er til dømes regulert eit område for bustader ved Gjendeosen som er tiltenkt som tenestebustad for Gjendebåten og servicebygget på Gjendeosen. Rådmannen meiner difor at behovet kan løysast på annan måte. Når det gjeld behovet for lager så bør dette kunne plasserast innanfor område på Maurvangen som er regulert til byggeområde bustad/service/næring i reguleringsplanen for Maurvangen, slik Fylkesmannen tilrår. Det er difor lite som talar for at det bør takast i bruk nytt areal for eit formål som er vareteken gjennom eksisterande reguleringsplanar som er vedteke. Det må også leggjast vekt på rådmannen ikkje har tilrådd ei vidare utvikling av fritidsbusetnad i området, nettopp fordi utbygging kan få store verknader for landskapet og området som reiselivsdestinasjon. Det same gjeld for dette området og rådmannen tilrår at området blir teke ut.

Området vart lagt inn i kommunestyret 2. mai 2017.

Brustugu og indre sentrumssone

Regionale styresmakter ved Fylkesmannen, Oppland fylkeskommune og Statens vegvesen har ved 2. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel fremja motsegn til området B/FO/K01 Brustugu på grunn av for høg arealgrense for detaljhandel og avgrensing av område for indre sentrumssone. Statens vegvesen har også motsegn til område som er avsett til FO/NO1E næringsparken på grunn av manglande føresegner for plankrav og arealgrense for detaljhandel. Kommunen har teke imot 23 innspel frå private til området B/FO/K01 Brustugu og definisjon av indre

sentrumssone. Fleire av innspela er underskriven av fleire og det er eit høyringsinnspel som er underteikna av 336 personar. I etterkant av dette innspelet har 10 av dei underteikna kome med følgjande uttale:

Vågå kommunestyre tek inn over seg det store engasjementet i saka om stor sentrumssone og regulering av Brustugujordet, erkjenner at den demokratiske og faglege prosessen har vore mangelfull og at konsekvensane for sentrum ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for. Kommunestyret set difor endeleg vedtak i saka på vent inntil ein prosess for å sikre reell demokratisk medverknad og eit solid fagleg fundament for avgjerda har vore gjennomført etter regjeringa sin rettleiar «Medvirkning i planlegging» frå juni 2014. Av di over 300 personar har skrive under på forslaget ber dei om at kommunen vurderer saka ut frå § 39 a i kommunelova som omhandlar innbyggjarforslag.

Innbyggjarforslag

Ettersom kravet om at høyringsuttala skal oppfattast som eit innbyggjarforslag berre er underskriven med 10 namn, kan ikkje den opphavlege høyringsuttala betraktast som eit innbyggjarforslag meiner rådmannen. Det må gå klart fram av dokumentet at det er eit innbyggjarforslag etter § 39 a i kommunelova. Det står ingenting om dette i høyringsbrevet som er underskriven av 336 personar. Dette er også berre namn som er lista opp og dei er ikkje bekrefta i form av signatur. Ved fremjing av innbyggjarforslag må det gå klart fram kva som er innbyggjarforslaget og kven som står bak forslaget. Det er naturleg at støtta dokumenterast av underskrifter, ifølgje Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin veileder *Innbyggjerforslag*. Kommunelova § 39 a krevje at minst 2 % av innbyggjarane eller minst 300 personar busett i kommunen står bak innbyggjarforslaget. Slik rådmannen ser det er vilkåra for behandling av forslaget difor ikkje oppfylt. Rådmannen vil difor behandle innspelt som eit ordinært innspel som alle andre innspel som har kome, men det er viktig å vere klar over at det er mange som står bak høyringsinnspelet.

Rådmannen har valt å ikkje kommentere kvart einskild innspel som har kome ettersom dette vil bli veldig omfattande, men Politkarane har i forkant av behandlinga fått sendt over kopi av alle innkomne innspel slik at dei er kjend med dei. Ei oppsummering av alle innkomne innspel er også lagt ved som vedlegg til saka. Det er også verdt å merke seg at der innspela er underskriven av fleire personar så har også nokre av desse personane kome med eigne innspel.

Av dei 23 innspela som har kome til Brustugu så er det fleire som kjem med merknad til at kommunen har brote plan- og bygningslova. Dette gjeld behandlinga av avgrensing av indre sentrumssone. Plan- og bygningslova sine krav til medverknad har vore følgt heile vegen. Rådmannen merker seg likevel merknadane frå innbyggjarar i forhold til medverknad og tek med seg dette vidare i forhold til framtidige planprosessar. Ifølgje *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*, er det i kommuneplanens arealdel at indre sentrumssone skal fastsettast. Ved 1. gongs høyring av arealdelen, som var på høyring i perioden 01.12.2015 – 26.01.2016, var område for indre sentrumssone definert. Det vart halde eit ope folkemøte 11. januar 2016 i Vågåmo der folk hadde høve til å stille spørsmål og kome med nye innspel og merknader/innspel til planforslaget som var presentert. Som ein følgje av at nokre meinte høyringsfristen var for kort vart den forlenga til 6. februar 2016. Kommunen hadde også eit eige informasjonsmøte med ungdomsrådet der planforslaget vart gått gjennom. Ungdomsrådet fekk forlenga høyringsfristen med ein måned. Råd for eldre- og funksjonshemma fekk også tilbod om eit slikt ekstra møte, men takka nei.

Frå 1. gongs høyring og fram til 2. gongs høyring vart det utarbeidd ein handelsanalyse for Vågåmo, som vart presentert på eit ope folkemøte 10. oktober 2016. Der var også Oppland fylkeskommune og det var høve til å stille spørsmål til analysen og korleis den heng saman med regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Den 21. desember 2016 vart forslag til kommuneplanens arealdel lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 13. februar 2017. Ungdomsrådet og råd for eldre og funksjonshemma fekk tilbod om eit eige møte, noko dei takka nei til. Det vart halde eit ope folkemøte på Lalm 24. februar 2017, der det vart gitt høve til å stille spørsmål til planforslaget som låg ute til høyring. Det vart presisert at det ikkje var høve til å kome med nye innspel til ny arealbruk som ligg i LNFR-område. Det er sjølvstøtt høve til å kome med merknader og forslag til annan arealbruk for område som ligg inne i planforslaget, slik som område BO/F/K01 Brustugu. Dette er vanleg praksis ettersom ein ikkje kan ha ein open innspelsrunde til ny arealbruk i LNFR-område i det uendelege. Da vil ein aldri kunne avslutte planprosessen.

Små endringar mellom 1. og 2. gongs høyring

Frå regionalt hald har kommunen fått attendemelding om at det har vore ein ryddig og god planprosess. Det blir slåttfast at kommunen har gjort ein grundig og god jobb med merknadsbehandlninga etter 1. gongs høyring og kommuneplanen har nå eit godt kunnskapsgrunnlag og framstår i stor grad som gjennomarbeida og tydeleg. Det går difor tydeleg fram av plandokumenta kva for endringar som har vore gjort gjennom heile planprosessen. Det går også klart fram kva for endringar som har vore gjort i siliingsprosessane mellom dei offentlege høyringane.

Frå 1. gongs høyring og fram til 2. gongs høyring har det ikkje vore nokon endringar i foreslått arealbruk for Brustugu når det gjeld varehandel. Det har berre blitt opna for kontor i tillegg. Det har også blitt presisert i føresegnene kva som kan etablerast innanfor området. Frå 1. gongs høyring til 2. gongs høyring har det også blitt utarbeidd ein handelsanalyse for Vågåmo ettersom dette er eit krav frå regionale styresmakter for å legge til rette for ei større indre sentrumssone enn det *regionale plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* opne for.

Avgrensing av indre sentrumssone

Frå 1. gongs høyring til 2. gongs høyring er avgrensing av indre sentrumssone uforandra når det gjeld arealet ved Brustugu og rv. 15. Kommunestyret sitt forslag til sentrumsavgrensing ved rv. 15 og Brustugu har difor vore uforandra sidan 1. desember 2015.

Rådmannen syns det har kome mange gode og konstruktive innspel til forslag til kommuneplanens arealdel. Når det gjeld avgrensing av indre sentrumssone så har det kome innspel frå mange lokale aktørar, men også folk utanfrå. Nokre av desse har også god og brei kompetanse innan by- og sentrumsplanlegging. Det har også blitt vist til fleire svakheiter og manglar ved handelsanalysen som Vista analyse har fått utarbeidd. Regionale styresmakter har også vald å oppretthalde motsegn til

fastsetting av indre sentrumssone, sjølv om kommunen har fått utarbeidd ein handelsanalyse som konkluderer med at det er forsvarleg med ei stor sentrumssone og at det er marknaden som vil regulere utviklinga så lenge det er sett planmessige ramar som NACE-kodar og krav til arealstorleik. Dette er også noko kommunen må ta omsyn til i sin vidare behandling av forslag til ny kommuneplanens arealdel.

I ein planprosess, der det er krav til kompetanse på mange fagfelt, må ein liten kommune som Vågå leige inn spesialfagkompetanse for å få utført tilleggsutgreiingar som det er krav om. Når rapport ligg føre så er det naturleg å ta omsyn til det resultatet som kjem fram i analysar og rapportar ettersom kommunen sjølv ikkje har tilstrekkeleg kompetanse innan fagfeltet. Spesielt ettersom *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* opne for at regler for lokalisering av handelsverksemd og kjøpesenter kan fråvikast dersom det ligg føre ein handelsanalyse basert på ein mal frå fylkeskommunen.

I høyringsperioden har kommunen motteke fleire gode innspel som viser til svakheiter og manglar til analysen. Regionale styresmakter har også vist til det. I den *regionale planen for attraktive byer og tettsteder for Oppland* er det presisert at Fylkeskommunen etter samråd med Fylkesmannen kan gi samtykke til større sentrumssone enn 600–800 viss dei godkjenner handelsanalysen som er utarbeidd. Fylkesmannen i Oppland, Fylkeskommunen og Statens vegvesen har fremja motsegn til forslag til ny kommuneplanens arealdel når det gjeld avgrensing av indre sentrumssone og arealavgrensing for detaljhandel ved Brustugu. Dette meiner rådmannen at kommunen må ta omsyn til.

Regionale styresmakter ved Oppland fylkeskommune skriv mellom anna følgjande: «*Det er ingen grunn til å tvile på konklusjonen i handelsanalysen om at Vågå har ein handelslekkasje på 20 %. Handelslekkasje betyr at verdiskapingen i handelsnæringen i større grad foregår i andre kommuner enn den kunne ha gjort og at transportarbeidet trolig er større enn det ville vært om lekkasjen var lik null. Dette er reelle samfunnsmessige argumenter. Ut ifra erfaring fra andre sentra synes virkningen for det eksisterende sentrum ikke er helt realistisk vurdert.*»

Fylkesmannen skriv mellom anna følgjande: *Fylkesmannen kan ikkje sjå at føreliggjande handelsanalyse underbygger behovet for ei så stor indre sentrumssone i Vågåmo, sist utvida med Brustugujordet, no også omfatta av Vågå næringspark. Sistnemnde utviding er etter vår oppfatning svært uheldig. Vi meiner avgrensinga av indre sentrumssone er i strid med føringar i Regional plan for attraktive byar og tettstader. Regional planføresegn her avløyser Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter frå 2008. Vi meiner også avgrensinga er i strid med Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.*

Statens vegvesen skriv mellom anna følgjande: *Indre sentrumssone har i planforslaget ei utstrekning i luftline på om lag 1 km, både nordsør og aust-vest. Manglande forbindelse over elva, gjer at avstanden langs eksisterande vegnett er over 2 km frå ytterkant til ytterkant av sentrumssona, frå Vågå næringspark til Brustugu. Avgrensinga er ikkje i tråd med regional plan der Vågå er definert som områdesenter, med retningsgjevande utstrekning frå ytterkant til ytterkant på 600 – 800 m jf. regional planbestemmelse 2. f).*

Kommunen grunngir avviket med at det er viktig at næringsparken blir liggande innanfor sentrumssona jf. føringar i Samfunnsdelen om at næringsparken skal vere nært knytt til sentrumskjernen og både ha detaljhandel og plasskrevjande næring/industri. I tillegg viser

kommunen til at alt areal innanfor sentrumssona ligg innanfor ein radius på 500 m frå to definerte kollektivknutepunkt, skysstasjon i sentrum der lokale bussruter stoppar, og busstopp for ekspressbussane ved YX-stasjon langs rv. 15.


Ved avgrensing av indre sentrumssone må ein ta utgangspunkt i lokale forhold jf. den regionale planen. Dette kan vere mellom anna eit historisk senter, kollektivknutepunkt eller utviklingsforhold. Det skal og vere gangavstand frå ende til annan jf. den regionale planen. Statens vegvesen meiner det er lite relevant å bruke haldeplassane som grunnlag for å definere indre sentrumssone. Etter vårt syn bør ein ta utgangspunkt i det som er dagens sentrum, jamfør kommunens definerte kjerneområde for det historiske sentrum, og gå maks. 300 – 400 m ut frå dette. Foreslått avgrensing av indre sentrumssone vil gi rom for etablering av detaljhandel med inntil 6000 m² over eit svært stort område, noko som ikkje vil bygge opp om eksisterande sentrumskjerne.

Planen kjem med dette i strid med nasjonale mål i SPR-SBATP om utvikling av kompakte byer og tettstader, og tilrettelegging for handelsverksemd tilpassa eksisterande senterstruktur jf. punkt 4.5 i retningslina. Også i mindre tettstader kan fortetting nær sentrum bidra til kortare avstandar og føre til at fleire går eller sykklar. Planen kjem og i strid med føringar i regional plan når det gjeld utstrekning av indre sentrumssone jf. punkt 2. f). Vidare høyrer område for fritids- og turistformål FT02E sør i området etter vårt syn ikkje med i ei indre sentrumssone. I og med at området er tatt med i sentrumssona kan det på sikt opnast for etablering av handelsverksemd her som kan svekke dagens sentrum.

Regionale styresmakter har kome med klare tilrådingar og har motsegn til forslag til avgrensing av indre sentrumssone for Vågåmo. Rådmannen meiner at kommunen må ta omsyn til så klare tilrådingar/motsegn og meiner at sentrumssona må trekkast vest for Finna, slik at Vågå næringspark ikkje ligg innanfor sentrum. Ettersom forslag til kommuneplanens samfunnsdel ikkje er vedteke, må denne også oppdaterast. Det må vere ein samheng mellom samfunnsdelen og arealdelen. Dersom Vågå kommune skal få eit kompakt og levande sentrum så bør sentrumssona vere så liten som mogleg. Kommunen må også våge å prioritere. Det kan da ikkje stå i samfunnsdelen at *det skal vere eit mål at næringsparken i Vågåmo skal vere nært knytt til sentrumskjernen og stå fram som eit attraktivt handels- og næringsområde med både detaljhandel, kompetansekravjande og plasskravjande næring/industri.* Det må gå klart fram at detaljhandel skal konsentrerast til areal som ligg innanfor indre sentrumssone av Vågåmo.

Når det gjeld avgrensing av indre sentrumssone så meiner rådmannen at den bør trekkast sør for skulen og barnehagen slik at desse ligg innanfor indre sentrumssone. Ettersom idrettsparken er ein viktig funksjon og er med og skapar aktivitet, bør dette arealet ligge innanfor indre sentrumssone.

Rådmannen tilrår difor at indre sentrumssone får følgjande avgrensing:



Figur 2: Rådmannens forslag til definisjon av indre sentrumssone.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

Konsekvensar og moglegheiter – redusert indre sentrumssone

Ved å redusere indre sentrumssone, vil motsegna frå regionale styresmakter når det gjeld avgrensing av indre sentrumssone og området for Brustugu bli imøtekome, ettersom det i følgje *regionale plan for attraktive byer og tettsteder* i Oppland ikkje er mogleg å opne for detaljhandel som blir større enn 1500 m² BRA utanfor indre sentrumssone.

Dersom ein skal unngå etablering av detaljhandel på arealet kan arealet til dømes førast attende til jordbruk eller avsettast til eit arealformål som ikkje opne for varehandel og detaljhandel.

Kva skal etablerast på Brustugu?

Rådmannen tilrår at indre sentrumssone blir redusert og avgrensa i samsvar med måla i regional plan. Rådmannen understrekar at reduksjon av sentrumssona aleine ikkje løyser problemstillingane som er reist vedr. bruken av dette området. Kommunen må sørge for at arealdelen berre opnar for framtidig arealbruk som er i samsvar med kommunen sine ønske for utvikling.

Ønskjeleg med detaljhandel inntil 1500 m² BRA

Ved å redusere indre sentrumssone blir det da berre mogleg å etablere detaljhandel for inntil 1500 m² BRA på arealet. Spørsmålet er da om ein ønskjer det? I følgje fleire innspel som har kome ved 2. gongs høyring kjem det fram at mange ikkje heilt forstår samanhengen mellom definisjon av indre sentrumssone og kva som kan utviklast innanfor arealet på Brustugu. Område B/FO/K01 Brustugu er avsett til kombinert bebyggelse og anleggsformål der formålet er bustad, forretning og kontor. Fleire av innspela ved 2. gongs høyring går på at ein vil redusere indre sentrumssone og ikkje opne for detaljhandel på arealet. Ved 1. gongs høyring var område ved Brustugu avsett som kombinert formål, bustad og forretning. Ved 2. gongs høyring vart det lagt til kontor. Dette har vore samrøystes vedteke i kommunestyret. Dersom ein berre reduserer indre sentrumssone, vil det framleis vere mogleg å etablere detaljhandel for inntil 1500 m² BRA på Brustugu med mindre det gjennom føresegnene blir presisert at det ikkje blir opna for detaljhandel.

I forslaget til kommuneplanens samfunnsdel er det m.a. formulert følgjande mål: «*Innfallsportane til Vågåmo skal skape interesse for staden og få fleire til å stoppe*». Eit av punkta under strategiar/vegval er: «*I området ved Sundbrua/ Smedsmo/Brustugu stimulere til etablering og arealbruk som gjev blikkfang, marknadspører og skapar interesse for staden og får folk til å stoppe*.»

Nedanfor er det skissert nokre punkt som illustrerer at mogleg framtidig arealbruk på Brustugu avheng av meir enn berre sentrumssoneavgrensinga. Konsekvensar av ulike grep kan vere:

1. Brustugu blir attendeført til LNFR-formål.

Brustugujordet er i gjeldande reguleringsplan regulert til landbruk. Om det ikkje er ønskjeleg at området skal kunne byggast ut eller nyttast til andre føremål enn LNFR, må området attendeførast til LNFR. Ettersom omsynet til jordvernet er forsterka er det lite truleg at arealet vil kunne attendeførast til eit anna arealformål i framtida dersom det blir attendeført no. Dette vil krevje ei ny høyring.

2. Brustugu blir avsett til område for bustader. Dette inneber at området kan byggjast ut til sentrumsnære bustader med høg arealutnytting. Leilegheiter. Dette vil krevje ei ny høyring.

3. Brustugu blir behalde med same arealformål som i forslag til 2. gongs høyring (dvs. kombinert formål bustad/forretning/kontor). Om området er utanfor indre sentrumssone, vil det likevel kunne etablerast detaljvarehandel med bruksareal (BRA) på inntil 1500 m² dersom føresegnene ikkje set forbod mot dette. I tillegg vil det også kunne etablere seg plasskrevjande varehandel og/eller transportkrevjande varehandel dersom ikkje føresegnene set forbod om dette. Krev ikkje ny høyring.

4. Brustugu blir behalde med same arealformål som i forslag til 2. gongs høyring (dvs. kombinert formål bustad/forretning/kontor), og det blir i føresegnene sett forbod om detaljhandel og berre opna for plasskrevjande varehandel og/eller transportkrevjande varehandel. Dette inneber at det vil kunne etablerast varehandel med følgjande varegrupper: motorkøyretøy, landbruksmaskiner, trelast- og andre byggjeverar, hagesenter

og varer frå planteskular. Varegruppene lista opp er ikkje definert som detaljhandel, og blir ikkje fanga opp av føresegnene i *regional plan for attraktive byar og tettstader i Oppland*. Krev ikkje ny høyring.

5. **Brustugu blir avsett til kombinert formål bustad/næring/kontor.** Det blir i føresegnene sett krav om at næring som kan etablerast skal vere opplevingsbasert/kulturbasert næring. Det betyr at det ikkje kan etablerast varehandel innanfor området, verken detaljhandel eller plasskrevjande/transportkrevjande varehandel. Dette må presiserast i føresegnene. Krev ny høyring.

Rådmannens vurdering av alternativa lista opp ovanfor:

Detaljhandel på inntil 1500 m²

Brustugu blir behalde med same arealformål som i forslag til 2. gongs høyring (dvs. kombinert formål bustad/forretning/kontor). Om området er utanfor indre sentrumssone, vil det likevel kunne etablerast detaljvarehandel med bruksareal (BRA) på inntil 1500 m² dersom føresegnene ikkje set forbod mot dette. I tillegg vil det også kunne etablerast plasskrevjande varehandel og/eller transportkrevjande varehandel, dersom ikkje føresegnene set forbod om dette.

Ettersom arealet ved kulturhuset, som ligg som erverv i gjeldande kommunedelplan for Vågåmo er ført attende til jordbruk, har ikkje Vågåmo noko reserveareal for næring. Det er heller ikkje opna for utviding av næringsareal ved næringsparken. Rådmannen meiner det er viktig at kommunen har tilgang til eit reserveareal.

Ei etablering av 1500m² BRA detaljhandel innanfor Brustugu, vil framleis bidra til å gjere sentrum meir langstrakt, sjølv om det etter definisjonen ikkje er ein del av indre sentrumssone. Planfagleg er ikkje dette ei ønskjeleg situasjon ettersom det er ei klar tilråding frå regionalt hald om at byer- og tettstader skal ha ei tettare utvikling og det skal i minst mogleg grad vere nødvendig å køyre bil mellom målpunkta i sentrum.

Etablering av detaljhandel på 1500m² BRA vil kunne gjere det mogleg å etablere ein turistinformasjon og til dømes ein stor matvarebutikk på arealet. Dette vil truleg ikkje bidra til styrke innfallsporten til Vågåmo. Ein matvarebutikk er ikkje nok til å få folk til å stoppe. Det kan stillast krav til utforming av uteareal for å gjere desse innbydande, men noko stor stoppeffekt vil det neppe ha. Det blir berre enda ein matvarebutikk som ligg langs vegen. Området kan også nyttast til plass- og/eller transportkrevjande varehandel, noko som vil bidra til at området blir betre utnytta. Rådmannen kan vanskeleg sjå at dette vil ha nokon stoppeffekt.

Slik rådmannen ser det kan ein turistinformasjon like gjerne etablerast på arealet ved YX. Det er meir naturleg å knyte dette opp til ein bensinstasjon enn ein matbutikk og plass- og eller transportkrevjande varehandel. Rådmannen kan difor ikkje sjå at det planfagleg er nokon god tilnærming å opne for detaljhandel for 1500m² BRA åleine, eller i kombinasjon med plass- og/eller transportkrevjande varehandel, sjølv om den *regionale planen for attraktive byer og tettstader i Oppland* opne for det.

Plass- og/eller transportkrevjande varehandel

Brustugu blir behalde med same arealformål som i forslag til 2. gongs høyring (dvs. kombinert formål bustad/forretning/kontor), og det blir i føresegnene sett forbod om detaljhandel og berre opna for

plasskrevjande varehandel og/eller transportkrevjande varehandel. Nokon vil kanskje hevde at dette bør leggjast til næringsparken, men i følgje *regional plan for attraktive byer og tettsteder for Oppland*, skal plass- og eller transportkrevjande varehandel lokaliserast i tilknytning til ein by og/eller tettstad på ein slik måte at den kan bli nådd frå hovudvegssystemet med minst mogleg forstyrring av miljøet i byen eller tettstaden. Tidleg i planprosessen vart det tatt opp at ein ønskja ein direkte avkøyringsveg til næringsparken, men det er ikkje mogleg i høve Statens vegvesen. Etablering av plass- og eller transportkrevjande varehandel på næringsparken er difor ikkje gunstig med omsyn til transport gjennom Vågåmo. Arealet ved Brustugu ligg rett ved rv. 15 og er godt egna til plass- og eller transportkrevjande varehandel. Rådmannen kan likevel ikkje sjå at ein slik type etablering vil bidra til å styrke innfallsporten til Vågåmo. Det vil vere vanskelegare å stille krav til utforming av gode uteareal ettersom ein slik type aktivitet legg opp til bilkøyring og behov for stor lagerkapasitet. Det er ikkje naturleg å legge til rette for publikumsretta aktivitetar saman med ein slik type handelsverksemd.

Planfagleg kan området vere godt egna til plass- og/eller transportkrevjande varehandel, men det vil ikkje vere i tråd med det som var intensjonen for bruken av området da det vart avsett i kommunedelplanen i 2009 og det som er omtalt i forslag til ny kommuneplanens samfunnsdel. «*Innfallsportane til Vågåmo skal skape interesse for staden og få fleire til å stoppe*». Eit av punkta under strategiar/vegval er: «*I området ved Sundbrua/ Smedsmo/Brustugu stimulere til etablering og arealbruk som gjev blikkfang, marknadsfører og skapar interesse for staden og får folk til å stoppe.*»

Brustugu blir avsett til område for bustader

Etablering av berre bustader på arealet kan vere ein moglegheit, men med nærleik til rv. 15 og Vågåvegen er delar av arealet mindre godt egna for bustader. Arealet ligg nært opp til Vågåvatnet og dei friluftsmoglegheitene som er der. I tillegg er det stutt veg til skule og barnehage. Planfagleg kan området til dels vere godt egna til arealformålet, men det vil ikkje vere i tråd med det som var intensjonen for bruken av området. Eit bustadområde vil ikkje fungere som ein innfallsport til Vågåmo og vil ikkje få fleire folk til å stoppe.

Brustugu blir attendeført til LNFR-formål

Dette vil sikre at sentrum av Vågåmo blir tett og kompakt og ei utvikling av Vågåmo vil vere i tråd med føringar frå *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*. Dette vil sikre at ein ikkje får etablert ein forretningsverksemd på Brustugu som kan forvitte det eksisterande sentrum. Det er viktig å vere merksam at det kan ikkje forventast at arealet kan takast inn igjen ved ei seinare revidering ettersom omsynet til jordvernet har blitt styrka mykje dei siste åra. Ved å føre arealet attende til jordbruk, vil Vågå også miste moglegheita til å få etablert noko som kan vere eit blikkfang for kommunen og som kan bidra til marknadsføring og interesse for staden. Dette er uheldig med tanke på historikken i saka, gjeldande kommunedelplan for Vågåmo som vart godkjend i MD i 2009. Det var da presisert viktigheita av å få utvikla eit «*sterkt kryss*» og det var hevda at det var samfunnsmessige store verdiar knytt til å få utvikla området, slik at omsynet til jordvern og kulturlandskap var underordna utbyggingsinteressene. Ut frå historikken i saka syns rådmannen det er vanskeleg å tilrå ei attendeføring til jordbruk.

Rådmannens samla vurdering for Brustugu

Rådmannen kan ikkje sjå at nokon av alternativa som er omtalt ovanfor vil bidra til å nå målet for kvifor området var lagt inn i kommunedelplanen for Vågåmo i 2009, eller det som er nedfelt i forslag til kommuneplanens samfunnsdel.

«Innfallsportane til Vågåmo skal skape interesse for staden og få fleire til å stoppe». Eit av punkta under strategiar/vegval er: «I området ved Sundbrua/ Smedsmo/Brustugu stimulere til etablering og arealbruk som gjev blikkfang, marknadsfører og skapar interesse for staden og får folk til å stoppe.»

Rådmannen vil difor tilrå at området ved Brustug blir avsett til kombinert formål bustad/næring/kontor. Det må i føresegnene presiserast at det berre kan opnast for opplevingsbasert/kulturbasert næring. Det betyr at det ikkje kan etablerast varehandel innanfor området, verken detaljhandel eller plasskrevjande/transportkrevjande varehandel. Dette vil syte for at arealet framleis kan nyttast til det som var hovudintensjonen da kommunedelplanen for Vågåmo vart vedtatt av MD i 2009. Ved å sette så strenge krav i føresegnene vil det vere avgrensa kva som kan etablerast. Verksemda må da vere knytt opp til noko som skaper oppleving og/eller er kulturbasert. Ulempa med det er at det kan gå nokre år før området blir bygd ut. Det står truleg ikkje mange aktørar klare som ønskjer å etablere seg i området. I praksis vil dette kunne føre til at delar av arealet blir liggjande ubygd i mange år framover. Rådmannen vil tilrå at det i føresegnene blir opna for at det kan førast opp frittliggjande bustader innanfor delar av området. Det er vidare viktig at kommunen gjennom næringsarbeidet, både politisk og administrativt, arbeider med å finne moglege etableringar for området.

Kommunestyret delte område Brustugu inn i følgjande arealformål: B01, B02, B/FO/K01, N04, VF01, jf. vedlagte kartskisse med føresegner i møtet 2. mai 2017. Det vart vedteke at Vågå kommune skal regulere området.

Areal ved kulturhuset (B/FO/K03 Smedsmo)

For å sikre at kommunen framleis har eit reserveareal der det kan etablerast næringsaktivitet i form av forretning så vil rådmannen tilrå at arealet ved Smedsmo blir avsett til kombinert formål bustad/forretning/kontor. Dette arealet ligg som erverv i gjeldande kommunedelplan for Vågåmo og vart ved 2. gongs høyring av forslag til ny kommuneplanens arealdel ført attende til jordbruk. Rådmannen meiner at dette arealet, som ligg innanfor indre sentrumssone, vil vere eit viktig areal for Vågåmo i framtida. Arealet ligg sentrumsnært og kan vere godt egna til forretning, bustad og kontor. Arealet ligg også innanfor området som det er naturleg å definere som indre sentrumssone.

Det må i føresegnene presiserast at det berre kan førast opp forretning i 1. etasje og andre etasjar kan nyttast til bustad/kontor.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

Område for fritidsbustader

Det har kome fleire merknader og motsegn til temaet fritidsbustader. Fylkesmannen har motsegn til området F10 Stokstadåsen og kjem med ei klar tilråding om ta ut området F09 Jetta. Det har kome fleire merknader frå private, interesseorganisasjonar og andre når det gjeld område som er tidlegare vurdert og område som ligg inne i planforslaget. Område som har fått merknader blir gjennomgått nedanfor.


Gnr. 21 bnr. 5 Sandbakken

Området vart spelt inn som nytt byggeområde for fritidsbustader etter 1. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel. Innspelt vart vurdert i kommunestyret 25.10.2016 og silt ut. Området vart difor ikkje med ved 2. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel. Grunneigar av området har kome med ein merknad og viser til at det er feil saksopplysingar i konsekvensutgreiinga som var laga for området. I konsekvensutgreiinga står det at eigedomen er ein del av eit setermiljø, men grunneigar viser til at bruket høyrer til øvre faste busetting i området og at det er ein tidlegare husmannsplass. Dei skriv vidare at dersom hyttebygging kan verke negativt inn på eksisterande verneverdige bygningar så vil vi gjerne bli informert om kva for bygningar i området dette kan dreie seg om.

Rådmannens vurdering:

Rådmannen er samd i at saksopplysingane er feil slik som grunneigar viser til, men det har ingen verknad for konklusjonen for kvifor området vart tatt ut. I konsekvensutgreiinga stod det følgjande under oppsummering: *Fire av tomtene ligg innanfor omsynssone H570_110 Kulturlandskap Haugøy, Øy, Gardsøy, Sve og Øygardene, vist med grønt omriss og skravor. Innanfor dette området er det særleg viktig kulturlandskap knytt til gammalt setermiljø. Dette landskapet vil endre seg dersom det blir opna for fire nye fritidsbustader i området. Det er difor ikkje tilrådeleg at det blir opna for fritidsbustader i dette området. Arealet som ligg langs Blåhøvegen er langt og smalt og ei utbygging her vil gje ei dårleg arealutnytting og lite god planlegging av fritidshytter. Det er mogleg at området ovanfor omsynssone H570_110 er egna for utbygging, men da må heile området vurderast samla og ikkje som ein utbygging av eigedomsteig for eigedomsteig ettersom desse er lange og smale. Dette vil ikkje gje ei god landskapstilpassing og god utnytting av området. Arealet ligg bygdenært slik at det er pårekeleg at det er attraktive tomter, men det har tidlegare i planprosessen med å reviderearealdelen ikkje vore opna for nye byggeområde som ikkje ligg i tilknytning til eksisterande utbyggingsområde for fritidsbustader. Nye felt for hyttebusetnad bør leggjast i allereie etablerte hytteområde. **Området blir ikkje tatt med.***

Rådmannen kan ikkje sjå at feil saksopplysing om at det er eit setermiljø og ikkje ein husmannsplass har noko verknad for kvifor området vart tatt ut. Grunngevinga gjekk på at området ligg innanfor omsynssone H570_110 Kulturlandskap Haugøy, Øy, Gardsøy, Sve og Øygardene. All ny og moderne byggeskikk innanfor eit slikt område kan få negativ verkand for kulturlandskapet og kulturminnet. Rådmannen vil elles vise til at regionale styresmakter viser til at kommunen har lagt inn ein for stor hyttereserve og det kan difor ikkje leggjast inn nye område. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunn til å vurdere området på nytt.



Figur 3: Område som det var ønskje om å få avsett til fritidsbustader.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

F01 Slombhaugen

Vågå fjellstyret ber om at området ved Slombhaugen blir tatt ut og meiner at området bør leggjast inn ved ei seinare rullering av arealdelen ettersom det er ein stor tomteresevne innanfor Lemonsjøen. Langmorkje allmenning ber om at området ved Slombhaugen blir tatt ut på grunn av skogressursen.

Rådmannens vurdering:

Dette var også innspel som kom ved 1. gongs høyring av forslag til ny arealdel. Lemonsjøen er eit satsingsområde og rådmannen meiner at det bør opnast for ei utviding ved rullering av kommuneplanens arealdel, sjølv om det er ein relativt stor planreserve på Lemonsjøen. Når det gjeld skogressursane så har rådmannen forståing for at Langmorkje ønskjer å ta vare på skogressursen, men næringsutvikling i form av bygging av fritidsbustader skaper ei større verdiskaping enn det skogsdrift gjer. Lemonsjøen er også eit satsingsområde slik at det må påreknast at området vil ekspandere over tid og da må skogen vike. Rådmannen kan ikkje sjå at det har kome nye moment i saka og tilrår at området blir vidareført uforandra.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

F02 Ormeholet (Storviksmorkje)

Forum for natur- og friluftsliv ber om at området blir tatt ut. Meiner at det må leggjast til rette for fortetting av eksisterande hytteområde.

Rådmannens vurdering:

Rådmannen har i konsekvensutgreiinga for området vist til den store tomtereserven som er i området og tilrådde at området vart tatt ut før 2. gongs høyring av planforslaget. Rådmannen meiner at kommunen heller bør vidareføre nye område i andre delar av kommunen der attraktiviteten er større. For å imøtekome regionale styresmakter sitt generell motsegn til den store planreserven som er lagt inn når det gjeld fritidsbustader, tilrådde rådmannen at området vart tatt ut ved 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Området vart tatt med etter politisk ønskje. Det har ikkje kome fram nokon andre opplysingar som ikkje vart kjend ved 2. gongs høyring og ettersom det er eit politisk ønskje om å ha med området vil rådmannen følgje dette. Rådmannen tilrår at området blir vidareført uforandra.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

F06 Sjodalshaugen

Oppland fylkeskommune hadde ved 1. gongs høyring av planforslaget motsegn til området ut frå manglande vurdering av konsekvens for landskap. Det vart sett krav om at det må gjennomførast ein landskapsanalyse av kva for verknad ei utbygging vil ha for områda. Vågå kommune engasjerte Nordplan til å utarbeide ein landskapsanalyse for området. Etter tilråding frå landskapsanalysen vart byggeområde redusert i areal og trekt lengre frå Nedre Sjodalsvatn. Det vart i tillegg sett rekkefølgjekrav til utbygging av området. Med bakgrunn i dette trakk Oppland fylkeskommune motsegna til området ved 2. gongs høyring.


Sjølv om arealet er redusert i areal og trekt lengre frå Nedre Sjodalsvatn har det ved 2. gongs høyring av planforslaget kome mange merknader og motsegn til området frå private personar, Vågå fjellstyret og andre interesseorganisasjonar. Det blir vist til at kommunen bør prioritere ferdigstilling og fortetting i allereie etablerte hyttefelt som ved Lemonsjøen. Blir også vist til at område har viktig naturverdiar som ligg nært opp til nasjonalparkar og naturreservat. Sjodalshaugen er ein viktig viltbiotop som knytt saman verne høgfjell og høgfjellsskog på både sider av dalen.

Rådmannens vurdering:

Sjodalshaugen er eit område som har mange viktige kvalitetar, som både friluftsområde og viltbiotop og kulturhistorisk. Dette blir også trekt fram av høyringsuttalane som har kome til planforslaget. Ifølgje landskapsanalysen utarbeidd av Nordplan vil ei utbygging av området påverke Sjodalshaugen og Nedre Sjodalsvatn: *Nærverknad: Verknaden det føreslådde utbyggingsområdet vil ha for delområde Nedre Sjodalsvatn vil i stor grad henge saman med kva grad av utbygging ein legg opp til ned mot strandsona, og i framskråninga ned mot vatnet. Etablering av vegliner og tomteområde i denne framskråninga vil føre til at stranda mot sør vil endre karakter frå svakt utnyttta til ei meir utbygd strandsona.*

Ved 2 gongs høyring av planforslaget er planområdet trekt lengre frå Nedre Sjodalsvatn, men arealet er ein del av framskråninga ned mot vatnet. Dette arealet vil vere synleg frå Nedre Sjodalsvatnet. Rådmannen vil difor tilrår at området blir redusert ytterlegare i areal, slik at arealet sør for haugen

ikkje blir liggjande innanfor byggeområde. Dette vil sikre at ingen ny fritidsbustad blir synleg frå Nedre Sjødalsvatnet. Dette vil også sikre at området får ein enda breiare viltkorridor. I praksis vil dette innebære at arealet blir redusert til 200 daa. Arealet er da nesten halvert sidan 1. gongs høyring av planforslaget. Tal hytter innanfor området bør da reduserast frå 70 til 50 stk. Rekkefølgekravet om at området ikkje kan byggjast ut før 90 % av tomtene i Sjødalen fjellgrend er seld må framleis gjelde.



Figur 4: Rådmannen tilrår at område F06 Sjødalshaugan blir redusert i areal slik som blå line viser.

Kommunestyre tok i møtet 2. mai 2017 ut området.

F07 Hoskelie

Fylkesmannen og Oppland fylkeskommune hadde ved 1. gongs høyring av planforslaget motsegn til området ved Hoskelie ut frå manglande vurdering av konsekvens for landskap. Regionale styresmakter sette krav om at det måtte gjennomførast ein landskapsanalyse som viser kva for verknad ei utbygging vil ha for områda. Vågå kommune engasjerte Nordplan til å utarbeide ein landskapsanalyse for området. Etter tilråding frå landskapsanalysen var området ved 2. gongs høyring redusert betrakteleg i areal. Arealet vart redusert til 125 daa, men det er berre opna for å bygge 20 fritidsbustader. Det er også lagt opp til at bygging av nye fritidsbustader blir plassert langs etter Hoskelievegen.

Sjølv om arealet er redusert i areal og det berre er lov å føre opp 20 fritidsbustader innanfor området har det ved 2. gongs høyring av planforslaget kome mange merknader og motsegn til området frå private personar, Vågå fjellstyret og andre interesseorganisasjonar. Vågå fjellstyret meiner at

utviding av 20 fritidsbustader må skje innanfor det regulerte feltet og ikkje som ei utviding. Nokre uttaler viser til at landskapsanalysen frå Nordplan like gjerne konkluderer med at området ikkje bør byggjast ut. Det blir vist til at kommunen bør prioritere ferdigstilling og fortetting i allereie etablerte hyttefelt som ved Lemonsjøen. Blir også vist til at områda har viktig naturverdiar som ligg nært opp til nasjonalparkar og naturreservat. Ber om at kommunen må få ein heilhetleg strategi for bygging av fritidsbustader i kommunen.

Rådmannens vurdering:

Ei fortetting med 20 hytter innanfor eksisterande regulert felt er vurdert til å gje store negative konsekvensar jf. landskapsanalysen frå Nordplan. Rådmannen meiner difor at forslaget til Fjellstyret ikkje kan vurderast. Det vil også bli lite godt motteke frå folk som har fritidsbustader innanfor det regulerte feltet og det vil truleg bli ein svært vanskeleg reguleringsplanprosess.

Ved 2. gongs høyring er det lagt til rette for ei mindre utviding nord for eksisterande område som er regulert for fritidsbustader. Landskapsanalysen konkluderer med at ei ny utbygging med opptil 20 nye hytter vil kunne ha middels negativ verkand på delområdet sin landskapskarakter. Rådmannen støtter difor uttala som seier at landskapsanalysen like gjerne konkluderer med at området ikkje bør byggjast ut. Middels verknad er ganske mykje, spesielt med tanke på kor liten ei utbygging av 20 hytter i praksis er. Ei utviding av 20 hytter innanfor 150 daa er også i praksis spreidd bygde hytter. Dette er ikkje noko Vågå kommune har tradisjon for. Det er lagt opp til at området skal vere høgstandard felt og bygging av infrastruktur til så få hytter vil bli kostbart. Det vil også kunne gje ein del landskapsinngrep med tanke på det vesle talet hytter. Området ligg nord for eit hyttefelt som har lågstandard og der det ikkje er opna for vinterbrøyting. Det inneber at heile vegtilkomsten må regulerast på nytt. Dette vil bli konfliktfylt og slik rådmannen ser det vil 20 hytter skape liten gevinst sett opp mot alle ulemper og konflikter som det vil gje. Rådmannen vil difor tilrå at området blir tatt ut.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

F09 Jetta

Tidlegare i planprosessen, grovsiling av innkomne innspel i kommunestyret 12. mai 2015, sak 32/15, vart det vurdert eit område for framtidig fritidsbustader ved Jetta. Dette arealet vart silt ut fordi strategien er at Vågå kommune skal bygge opp under allereie etablerte hytteområde. Det er store areal avsett til fritidsbustader i kommunen og det er spelt inn fleire område i kommuneplanprosessen. Det bør difor prioriterast å støtte opp under allereie etablerte hytteområde. Alle nye felt som vart lagt inn i kommuneplanen ved 1. gongs høyring ligg i tilknytning til eksisterande fritidsbusetnad.

Jetta sameige kom med eit nytt innspel til fritidsbustader etter 1. gongs høyring der det nye arealet ligg sør vest vendt ut mot dalen og er prega av spreidd bjørkeskog og snaufjell. Dei viser til at eit av argumenta for å ta ut området tidlegare var at det låg over tregrensa. Forslagsstillar viser til at det nye området ligg nedanfor tregrensa og bad om ei ny vurdering.

Det var fleire punkt som kom negativt ut da området var vurdert tidlegare. Det at arealet låg over tregrensa var eit av dei, men hovudargumentasjonen for å ta ut området var at området låg i eit urørt område der det er ingen eksisterande fritidsbustader frå før. Det bør berre opnast for større nye hyttefelt i område der det er eksisterande fritidsbusetnad frå før. Denne lina har vore følgt gjennom heile kommuneplanprosessen og rådmannen peika på at det ville vere uheldig å fråvike den når ein nærmar seg sluttbehandling av arealplanen. Det vart elles vist til at kommunen må bygge opp under allereie etablerte hytteområde ut frå landskapsinngrep og bevaring av urørt natur og areal- og transportplanlegging. Området er også eit viktig nærfriluftsområde for Vågåmo. Rådmannen gjorde også merksam på at det ligg føre eit generelt motsegn frå regionale styresmakter på at hyttereserven som er lagt inn ved 1. gongs høyring er for stor og må reduserast. Med bakgrunn i det tilrådde rådmannen at det ikkje kunne opnast for nye felt for fritidsbustader ved 2. gongs høyring. Kommunestyret gjekk imot rådmannen si tilråding og la området med grunngjevinga av at det er positivt med sentrumsnære fritidsbustader.

Ved 2. gongs høyring av planforslag rår Fylkesmannen og Oppland fylkeskommunen kommunen på det sterkast til å ta ut området. Dei tilrår at kommunen utarbeider ein heilhetleg hytteplan for kommunen, der ein mellom anna må sjå på kva for verknad sentrumsnære fritidsbustader kan få for Vågå og dei allereie etablerte hyttestedestinasjonane. Fylkesmannen viser også i si høyringsuttale til mogleg konflikt med nærfriluftsliv. Oppland fylkeskommune skriv følgjande:

Vi meiner at før kommunen legger ut områder til fritidsbebyggelse, bør kommunen skaffe seg mere kunnskap om hvordan utbygging av sentrumsnære fritidsbebyggelse kan gå for seg for å få best effekt i sentrum og samtidig ikkje går på bekostning av viktige omsyn som friluftsliv og landskap. Kommunen bør også vurdere om ein slik type utbygging vil virke på den etablerte hytteområda i kommunen.

Fleire beitebrukarar i området har også kome med ei uttale til hyttefeltet. Dei ber om at feltet blir teke ut fordi føreslåtte område ligg i det beste og mest brukte beite i området. Dei viser til at området ikkje ligg innanfor skoggrensa ettersom ved jordskiftedommen i Jetta vart grensa mellom skogteigane og Jetta sameige stort sett trekt i skoggrensa. Dei viser også til at området er ein viktig viltbiotop. Dersom det er viktig å finne eit område for fritidsbustader meiner dei at dette kan etablerast nedanfor tregrensa utan å vere i konflikt med beiting eller viltinteresser.

Rådmannens vurdering:

Uttaler som har kome i samband med 2. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel støtter opp under dei vurderingane som rådmannen la fram i konsekvensutgreiinga. Dersom det skal opnast for fritidsbustader ved Jetta må dette vurderast i ein heiltalig plan for bygging av fritidsbustader i kommunen. Når det skal etablerast fritidsbustader i eit urørt området er det spesielt viktig at ein får vurdert heile området samla. Dersom det skal opnast for fritidsbustader på Jetta så bør kommunen sjå heile området samla og finne eit areal som har minst mogleg konfliktnivå når det gjeld beiteområde, viltområde, landskapsverknad med vidare. Når dette er på plass vil ein ha eit

betre kunnskapsgrunnlag til å velje ut eit område som skapar vekst og glede for heile kommunen. Ettersom dette ikkje er på plass vil rådmannen på det sterkaste tilrå at området blir teke ut.

Kommunestyret reduserte arealet noko i storleik og fløtte arealet nedanfor tregrensa i møtet 2. mai 2017.

F10 Stokstadåsen

Tidlegare i planprosessen, før 1. gongs høyring av planforslaget, vart det vurdert eit område for framtid bustad/tenesteyting på Stokstadåsen. Dette arealet låg inne i planforslaget da planforslaget vart presentert for regionalt planforum i juni 2015. Som ein følgje av presentasjonen i regionalt planforum vart det foreslått nokon endringar etter tilråding frå regionale styresmakter og arealet vart tatt ut etter politisk behandling i formannskapet 25. august 2015. Det er også gjort tydeleg i planskildringa til kommuneplanens arealdel kva for areal som har vore vurdert i planprosessen og kva for område som er tatt ut undervegs i prosessen. Dette var difor kjend da planforslaget vart behandla i kommunestyret 24. november 2015. Etter 1. gongs høyring kom grunneigar med eit nytt innspel der det på nytt vart beden om at området vart tatt med. Området vart tatt inn etter politisk ønske i kommunestyret 13. desember 2016, men området vart endra frå bustader til fritidsbustader. Området vart endra frå bustader til fritidsbustader utan nokon grunngjeving og det vart ikkje tatt omsyn til den store planreserven som allereie låg inne i planforslaget. Fylkesmannen har ved 2. gongs høyring av planforslaget fremja motsegn til området, noko som vart varsla allereie før 1. gongs behandling av planforslaget og som var grunnen til at området vart tatt ut.

Motsegna frå Fylkesmannen kan ikkje imøtekomast med mindre området blir teke ut. Motsegna går mellom anna på planreserven for fritidsbustader og at denne ikkje er vurdert realistisk.

Fylkesmannen viser elles til erfaring frå andre tilsvarande område og ikkje minst nokså liberale retningslinjer for bruksendring frå fritidsbustad til bustad i kap. 9.5.2 i planføresegnene. *Ut frå desse retningslinjene reknar vi med at ei omdisponering vil kunne skje enkelt. Vi legg da til grunn at det vil vere ein klar og reell fare for at byggeområdet over noko tid vil ende opp som eit ordinært og sentrumsfjernt bustadområde, på lik line med anna busetnad i grenda, skriv dei.*

Rådmannens vurdering:

Rådmannen støtter vurderingane til Fylkesmannen og tilrår at området blir tatt ut. Uttala nedanfor når det gjeld fastsetting av klausuleringssoner/omsynssone til Stokstadåsen vassverk støtter også opp under om at området må takast ut av planen.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

Omsynssoner/klausuleringssoner for Stokstadåsen vassverk

Fleire grunneigarar som blir råka av omsynssona/sikringssona til vassverket har kome med ei uttale ved 2. gongs høyring av arealdelen. Dei viser til at dei seint vart gjort kjend med at det vart arbeid med slike soner i samband med revisjonen av arealplanen til kommunen. Dei meiner at dei tidlegare burde ha vore orientert om arbeidet, slik at ein tidlegare kunne ha kome med innspel til planarbeidet. Dei viser også til at så lenge drikkevasskjeldar krev slike sikringssoner vil ein sterkt rå frå at nye område blir teke i bruk til fritidsbustader og/eller bustader da ein fryktar ei ytterlegare utviding av sikringssona. Dei tilrår vidare at kommunen arbeidar vidare med å finne andre langsiktige løysingar for både vatn- og kloakk, for større område av Sjørdalen, da ein er kjend med at andre område slit med reint drikkevatt.

Rådmannen vurdering:

Det er eit krav frå Mattilsynet om at alle kommunale vassverk skal ha ei sikringssone/klausuleringssone for drikkevasskjeldas nedbørsfelt. Alle drikkevasskjeldar som er kommunale må difor visast med klausuleringssoner/omsynssoner på plankartet, slik som Mattilsynet sett krav om.

Når det gjeld ønskje om tidlegare involvering så har det vore det i denne saka, men klausuleringssonene har endra avgrensing, slik at fleire grunneigarar har blitt råka av sonene. Det var nettopp tidleg medverknad frå grunneigarar som sørgja for at området fekk heilt oppdaterte klausuleringssoner. Ved 1. gongs høyring reagerte nokre grunneigarar på at omsynssona hadde den avgrensinga som ho hadde. Ettersom det ikkje var utarbeidd ein hydrologisk rapport som grunnlag for fastsetting av sonene fekk Vågå kommunen utarbeidd ein slik rapport frå 1. gongs høyring til 2. gongs høyring av planforslaget. Norconsult har med bakgrunn i ei hydrologisk vurdering av nedbørsfeltet, brønnens sin plassering, forventa framtidig belastning og historisk vasskvalitet utarbeidd ein rapport som viser klausuleringssoner/omsynssoner for vassverket. Desse sonene har deretter blitt innarbeidd i forslag til ny kommuneplanens arealdel til 2. gongs høyring. Denne rapporten var ferdig like før kommuneplanens arealdel skulle sendast på 2. gongs høyring og det var difor naturleg å oppdatere sonene i planforslaget etter den hydrologiske rapporten. Det vart halde eit eige møte med grunneigarane i forkant av at det vart varsla høyring av planforslaget. Når det ligg føre ein hydrologisk rapport så er det ikkje mogleg å endra fastsettinga av sonene med mindre det blir utarbeidd ein ny rapport som viser noko anna. Det er difor liten moglegheit til å påverke avgrensinga av sonene når det ligg føre ein heilt fersk hydrologisk rapport.

Rådmannen støtter grunneigarane i at det ikkje bør opnast for ei utviding av nye byggeområde for bustader eller fritidsbustader i området før kommunen har sikre ei betre drikkevasskjelde i området. Dette har rådmannen peika på fleire gonger. Det var nettopp difor det vart innarbeidd i føresegnene ved 2. gongs høyring at området Stokstadåsen ikkje kan byggjast ut med mindre det kan koplatt på kommunalt vatn- og avlaupssystem. Det føreset at det er ledig kapasitet på det kommunale anlegget. Rådmannen tilrår at klausuleringssoner/omsynssoner for Stokstadåsen vassverk blir vidareført uforandra.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

FS01 Kortbaneflyplass på Grov

Ved 2. gongs høyring av planforslaget vart det lagt til rette for kortbaneflyplass på Grov. Dette arealet vart lagt inn fordi det ved 1. gongs høyring vart lagt til rette for kortbaneflyplass på Sorem, men det var motsegn til dette området ut frå omsynet til jordvern. Området som er avsett til kortbaneflyplass er på 880 daa. Regionale styresmakter, Tessanden grendelag, Langmorkje allmenning og ein privat person kjem med merknader til arealbruken.

Fylkesmannen i Oppland skriv følgjande til området:

«Det er sett av eit stort areal, ca. 880 daa, til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, lufthamn. For oss kan det verke som ein har «teke i litt» for å sikre eit tilstrekkeleg stort areal. I føreliggjande KU er det gjeve opp at breidda på rullebanen ikkje er meir enn 10 m brei, men det arealet som er lagt inn er om lag 420 m breitt. Av omsyn til høgde over havet må rullebanen vere ca. 2.000 m lang. Høgde over havet inneber altså også eit større arealbeslag.

Det er gjennomført ei svært enkelt alternativvurderingar, som peiker på Grov som einaste realistiske alternativ. Vi saknar ei nærare beskriving av tiltaket og ei skisse på kva tilrettelegging som er nødvendig. Kan t.d. banen etablerast utan omfattande drenering og terrengforming, og utan asfaltdekke, t.d. graskledd. Kva bygningsmasse er nødvendig å etablere tilhøyrande anlegget? Korleis ser ein for seg tilkomst frå fv. 51? Inneber etableringa restriksjonar på kringliggjande arealbruk og aktivitet? Spørsmåla er mange, vi ber kommunen greie dette vidare ut til ei ev. tredje gongs høyring. Etter ei samla vurdering av miljøkonsekvens og behov, andre alternativ og samfunnsnytte har vi likevel konkludert med at vi ikkje vil gå i mot foreslått tiltak. Utgreiinga om kva tiltaket inneber er likevel såpass avgrensa og lite informativt at Fylkesmannen vel å ta atterhald om seinare ev. motsegn i saka, når omfang og konsekvens er nærare greidd ut.

Reguleringsplan for flyplassar med rullebane på 1600 m eller lenger skal alltid behandlast etter KUForskrifta, jf. § 2 første ledd bokstav f) og vedlegg I pkt. 20. Reguleringsplan for mindre flyplassar skal vurderast etter vedlegg III, jf. KU-forskrifta § 3 første ledd bokstav c) og vedlegg II pkt. 10 d.»

Tessanden grendelag kjem med fleire kritiske spørsmål:

1) I konsekvensvurderinga under «Naturmiljø og mangfald» skriv Vågå kommune at inngrepet «Truleg vil få liten verknad ettersom det vil vere minimal aktivitet på arealet sjølv om det er eit stort tiltak».

Flyplassen vil trolig koste over 50 millionar kroner. Hvordan vil Luftsportforbundet og kommunen forsvare et såpass dyrt og omfattende naturinngrep, hvis aktiviteten vil vere minimal?

2) Ekko fra Veslevassfjellet vil trolig forsterke støy fra flyene. Vi registrerer at kommunen vil foreta en støyanalyse. Så vidt vi vet, organiserer Luftsportforbundet i tillegg til sportsfly også brukere av mikrofly og modellfly etc. Vil støyanalysen også omfatte slik evt. bruk?

3) Hva ligger det i begrepet «riksanlegg for hang- og paragliding»? Hvor stor aktivitet kan det bli? Foreligger det noen dokumenter (strategi/økonomi/søknad) fra Norges luftsportforbund i saka?

4) Hvor stor vil sikkerhetssonen (snauhøgde område) rundt rullebanen bli? Tilsvarende flyplasser har soner på rundt 50 meters bredde eller mer fra sentrum av rullebanen.

5) Vil sikkerhetssonen bli inngjerdet? Er det tilstrekkelig med et ca. 3 meter høyt gjerde? Det er mye elg i området, som kan utgjøre en fare hvis en eller flere skulle komme inn på rullebanen på et uheldig tidspunkt. Vil elgen bli tvunget til å krysse vegen hvis trekkruta blir blokkert?

6) Kan en såpass lang rullebane også bli benyttet til privatfly og kommersiell persontransport med småfly? Hva med bruk av sportsfly som ikke skal benyttes til å taue seilfly? (NB: flyplassen i Molde er 2120 meter ...)

7) Området benyttes av beitedyr, og det ligger setre der som kan få inn- og utflygning relativt lavt over takene. Hvordan kan flyaktiviteten virke på dyrene?

8) I kommunens vurdering av konsekvenser heter det at det «ikke er noen kjente registreringer innenfor det området som er avsatt til flystripe, men at det er registrert aktivitet av store rovfugler i nærområdet rundt arealet». Er det gjort forsøk på å registrere dyre-, fugle- og planteliv i området? Hvis ikke -vil dette bli utført?

9) Er campingplassene i området informert? Hvordan er eiernes holdninger til denne typen aktivitet? Kan det bli oppført servicebygninger for overnatting i tilknytning til flyplassen?

10) Vågå kommune mener tiltaket vil vere positivt for utvikling av området/kommunen som turistdestinasjon. Men vil det vere like attraktivt for kommunen som hyttedestinasjon? Hva mener de som har hytter i området, og som må tåle ekstra støy?

11) Vil det også bli utviklet en risikoanalyse (f.eks. Ved ulike former for havari) for flyplassen?

12) Slike rullebaner kan også bli attraktive for annen motorsport, som f.eks. såk. «dragracing» etc. Kan vi vere trygge for at en rullebane bare blir brukt til det den i utgangspunktet var ment for?

13) Vil Veslevassfjellet bli brukt som utgangspunkt for hangglidere? Vil det i såfall bli anlagt veg/brukt motorkøyretøy opp mot toppen?

14) Vil kommunen undersøke erfaringer fra andre kommuner med lignende anlegg?

Rådmannens vurdering:

Rådmannen støtter uttaler som går på at konsekvensane av ei så stor utbygging/arealbeslag er for dårleg konsekvensutgreidd. Det er også uheldig å legge inn eit så stort område ved 2. gongs høyring av planforslaget. Arealet som er avsett er mykje større enn det reelle arealbeslaget blir, men på grunn av at ein ikkje veit heilt sikkert kor bana skal etablerast er det ikkje ønskje om å redusere arealet frå forslagsstillar. Det blir gjeve opp at sjølve rullebana må vere 800 m med 100 m under og over run. Sikringssone på kvar side må vere med ca. 2 X 200 m. Banedekke kan vere grus eller asfalt. Av annan infrastruktur vil det vere behov for ein hangar «klubbhus» og eit drivstoffanlegg. Veg til området er ikkje planlagt, men det kan truleg løysast ved tilknytning til allereie godkjende avkøyrslar til FV. 51. Totalt arealbeslag blir da om lag 400 daa. Det er nærliggjande å tru at dette arealet må gjerdast inn. Det vil bli krav om utarbeiding av reguleringsplan der det må utarbeidast støyanalyse og konsekvensane for natur- og miljø må vurderast, medrekna dyre- og fugleliv.

Rådmannen er samd i at samfunnsnyttan sett opp mot ulempene for samfunnet og natur- og miljø er for dårleg greia ut i konsekvensanalysen. Rådmannen sitt ikkje med informasjon om kor stor aktivitet som kan forventast på arealet dersom det blir etablert kortbaneflyplass. Rådmannen veit heller ikkje om det er realistisk at eit slikt anlegg blir realisert med tanke på byggekostnader og forventa bruk av området. Rådmannen har fått ein presentasjon frå Luftsportsforbundet der dei kjem med fleire argument for kvifor det bør etablerast kortbaneflyplass i Vågå. Samanfatta si den følgjande:

- *«Vågå har alle kvaliteter som kreves for å kunne utvikle et godt luftsportsanlegg. Luftsport treng område med opne luftrom og det er mykje av det i Nord-Gudbrandsdalen. Luftsport treng område med garanti for flyging t.d. bølgyflying i Vågå «Tessebølgjen». Eit slikt område er ofte svært attraktivt, og pilotane betalar da mykje for å fly.*
- *Vågå har alle de kvaliteter som skal til for å etablere et dronesenter.*
- *Vågå har gode klimatiske forhold for næringsaktiviteter knyttet opp mot en flyplass.*
- *Vågå har en sentral beliggenhet «midt i Norge».*
- *Vågå har gode relasjoner mellom lokalsamfunn, politikere, næringsliv, ekstremспорт og luftsport.*
- *Vågå og fjellregionen vil få et supplement som passer inn i andre reiselivsprodukter.*
- *Vågå kommune kan sammen med luftsport utvikle et meget godt senter og et godt anlegg for ulike luftsportsaktiviteter. Dette kan igjen utvikle nye næringer i region, samt et positivt image.»*

Rådmannen ser at dette er gode argument, men bygging av kortbaneflyplass vil krevje eit stort arealbeslag og samfunnsnyttan opp mot samfunnsulempa med støy og aktivitetar i eit godt etablert friluftsområde, naturområde og beiteområde er for dårleg kjend.

Området ligg også langt frå sentrum og ut frå samla areal- og transportplanlegging er det ikkje ei god plassering. Vidareutvikling av rikssenteret for hang- og paragliding vil kunne vere av stor samfunnsinteresse for Vågå og dette kan kanskje vege opp for mindre god areal- og transportplanlegging. På den andre sidan så kan dårleg plassering bidra til at området og anlegget blir mindre brukt. Det er uheldig å opne for ein aktivitet som legg eit så stort arealbeslag dersom aktiviteten berre blir sporadisk og eit nokre gonger i året. Det er da ikkje samfunnsmessig forsvarleg å bygge ut området. Rådmannen tilrår difor at området blir teke ut.

Kommunestyret vidareførte arealet, men reduserte arealet til 400 daa i møtet 2. mai 2017.

SBH/VF01 Vanglandet

Ved 2. gongs høyring av planforslaget vart det lagt til rette for eit område for bruk og vern av sjø og vassdrag, omtalt som småbåthamn og friluftsområde. Fylkesmannen skriv følgjande til området:

«Fylkesmannen registrerer at gruntvassområda her, ved utlaupet av Vågåvatnet, er viktige funksjonsområde for våtmarksfugl, først og fremst på trekk og som vinterområde. Vi vil ikkje motsette oss foreslått arealbruk, men føreset at ein legg til rette for å oppretthalde ein

vesentleg del av eksisterande vegetasjon i kanstona mot vatnet. Vidare føreset vi at det ikkje blir lagt til rette for inngrep i vassdraget/vatnet. Samstundes registrerer vi, ut frå ortofoto, mudring på fleire plassar i vassdraget få hundre meter vest for foreslått anlegg, samt etablert molo og eit sannsynleg rom for utviding av eksisterande båtplassar her. Vi oppmodar kommunen difor til å trekkje småbåthamn ut av nemnde arealføremål, og utvikle dette noko lenger vest.»

Rådmannens vurdering:

Rådmannen støtter uttala frå Fylkesmannen. Området er truleg mindre aktuelt for småbåthamn på grunn av strøymingar i vatnet og det er allereie lagt til rette for dette lengre vest. Rådmannen tilrår at småbåthamn blir teke ut og at området berre blir vist som friluftsområdet i vatnet. Området bør også få eit nytt namn ettersom heile arealet langs Vågåvatnet heiter Vanglandet. Rådmannen tilrår at området får namnet VF01 Brustugu og at det blir berre lagt til rette for friluftsområdet i vatn og ikkje småbåthamn.

Kommunestyret følgde rådmannen si tilråding i møtet 2. mai 2017.

Oppsummering:

Frå 1. gongs høyring til 2. gongs høyring har det blitt tatt inn ein del nye område etter politisk ønskje. Dette er område som har vore vurdert tidlegare i planprosessen og regionale styresmakter meiner det er uheldig å ta inn mange nye område ved 2. gongs høyring. Rådmannen støtter dette, spesielt ettersom område har vore vurdert tidlegare i planprosessen.

Regionale styresmakter har ved 2. gongs høyring av planforslaget trekt alle tidlegare motsegn til planforslaget med unntak av området B/FO/K01 Brustugu og avgrensing av indre sentrumssone, ut frå føringar i regional plan for attraktive byer og tettstader. Statens vegvesen har også motsegn til sentrumsavgrensing ved FO/N01E Næringsparken og manglande føresegner til plankrav og arealgrense for detaljhandel.

Det har kome eit nytt motsegn ved 2. gongs høyring og det gjeld for området F10 Stokstadåsen. Regionale styresmakter kjem elles med ei klar tilråding om å ta ut området F09 Jetta.

Det er tilrettelegging av nye byggeområde for fritidsbustader og fastsetting av indre sentrumssone og utbygging ved Brustugu som har skapt mest engasjement i planprosessen. Til trass for at det tidlegare i planprosessen vart signalisert frå regionale styresmakter at planreserven for fritidsbustader må ned, har talet på nye område for fritidsbustader auka etter at det vart lagt til to nye område ved 2. gongs høyring. Det eine område ligg føre det motsegn til og det andre har ei klar tilråding om at det må ut.

Rådmannen støtter uttaler/innspele som kjem med at kommunen må få ei heilhetleg strategi for bygging av fritidsbustader. No blir område lagt inn utan at ein får vurdert heile kommunen samla. Kor skal det satsast på fritidsbustader? Skal det vere fyrste mann til mølla som kjem med eit innspel, eller skal ein vurdere verknaden for delområde og heile kommunen samla? Det er også viktig å vere klar over at ein stor hyttereserve kan verke mot sin hensikt. For store arealreserve gir dårleg styring med arealbruken og kan undergrave utviklinga i område der det til dømes er investert i infrastruktur.

Rådmannen vil på nytt minne om at målet for framtida er at kommuneplanens arealdel skal reviderast jamleg, og det er difor ikkje «*kroken på døyra*» for område som ikkje blir med ved denne

revisjonen. Fram til ein ny planoppstart blir varsla, kan forslagsstillarar arbeide vidare med innspela og kome med ei betre grunngjeving for kvifor området skal takast med.

Rådmannen har eit nytt forslag til arealbruk for Brustugu og rådmannen vil også tilrå at området ved kulturhuset som vart attendeført til LNFR- formål før 2. gongs høyring blir lagt inn igjen som kombinert byggeformål. Desse to forslaga krev ei 3. gongs høyring. Rådmannen har elles foreslått å ta ut ein del område, men dette krev ikkje ny høyring.